



Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Dato: 04.10.2024
Vår ref: 24/14593-11
Dykkar ref:
Saksbeh.: Katrine Skajaa Gunnarsli

Høyringsvar frå Agder fylkeskommune - dispensasjon frå verneføreskriftene - Røldal-Suldal reguleringane

Vi viser til høyring av dispensasjonssøknad frå Lyse kraft for vidare kraftutbygging i verna område, jf. dykkar oversending av 30.04.2024. Høyringa gjeld ein avgrensa del av eit utvidings- og oppgraderingsprosjekt (UO-prosjekt) for Røldal-Suldal reguleringa, og gjeld altså dei delane av utbyggingsplanane som krev dispensasjon frå verneføreskrifter. Dei tiltaka som ligg innanfor grensa for verneområda er lokalisert i Rogaland og Vestland, men Agder (og Telemark) blir indirekte råka av utbygginga.

Fylkeskommunen har også på høyring vilkårsrevisjon for Røldal-Suldal reguleringa. Denne høyringa inkluderer UO-prosjekt i heilheit. Høyringsfristen til NVE for denne høyringa er 30. november. Gjeldande høyringsuttale til verneområdestyret for SVR har høyringsfrist 1. oktober. Den er lagt fram administrativt, og vil bli sendt som orienteringssak til hovudutvalet for næring, klima og miljø. Fylkesutvalet vil også få uttalen som orienteringssak samtidig som dei handsamar høyringsuttala til NVE i møtet 26. november.

Fylkeskommunen si høyringsuttale til dispensasjonssøknaden etter verneføreskriftene blir gitt med utgangspunkt i regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei villreinområde (heretter kalla Heiplanen). Saka har vore diskutert i Heiplansekretariatet.

Oppsummert rår administrasjonen i Agder fylkeskommune frå at det blir gitt dispensasjon med at den grunngjevinga at retningslinjene i nasjonalt villreinområde slår fast at nye kraftanlegg i utgangspunktet skal unngåast. Kunnskapsgrunnlaget synest for svakt til å kunne konkludere med den samla konsekvensen for villrein i Setesdal Ryfylke villreinområde er av så avgrensa omfang at ein kan gjere unntak frå hovudregelen.

Bakgrunn

Det er søkt om dispensasjon frå aktuelle verneføreskrifter for bygging, drift og vedlikehald av Kvanndal 2 pumpekraftverk. Pumpekraftverket er planlagt etablert mellom dei eksisterande reguleringsmagasina Holmavatn og Kvanndalsfoss. Verneområda som blir råka er Holmavassåno biotopvernområde (1997), Kvanndalen landskapsvernområde (1997) og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde (2000). Føremålet med Holmavassåno

biotopvernområde er å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde. Ein del av verneføremålet for dei to landskapsvernområda er å ta vare på eit samanhengande fjellområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.


I søknaden til verneområdestyret står det: *«Prosjektet innebærer blant annet at reguleringen av Holmavatn økes med ytterligere 5 meter senkning av laveste regulerte vannstand og at Tverråna som i dag renner til Sandvatn overføres til Holmavatn via bekkeinntak. På strekningen fra inntaket i Tverråna og ned til Sandvatnet (ca. 1,5 km) vil det legges til rette for en minstevannføring på inntil 100 l/s hele året. Reguleringskapasiteten i Holmavatnet økes med om lag 26 % ved at laveste regulerte vannstand (LRV) blir lavere enn i dag. Samtidig som nederste del av Tverråna, som i dag renner til Sandvatnet, overføres til Holmavatnet via et bekkeinntak på tilløpstunnelen til Kvanndal 2. Ved økt regulering av Holmavatn vil Lyse Kraft la Isvatn være selvregulerende, med tilnærmet naturlig avrenning mot Tverråna. Kvanndal 2 pumpekraftverk vil også fjerne vintertappingen fra Holmavatn til Sandvatn.»*

Villrein er ein nasjonal ansvarsart. Trass i at store område lenge har vore verna og at regionale planar for området (hos oss Heiplanen) har vore gjeldane i fleire år, har utviklinga for villrein vore negativ over lang tid. Gjennom Bernkonvensjonen har Noreg påteke seg ei klar forplikting om å ta vare på villreinen, og villreinen er framheva som ein norsk ansvarsart. Villreinen er gitt eit særskilt fokus av Stortinget, mellom anna gjennom St.meld. nr. 18 (2023–2024). Ei kvalitetsnorm for villrein vart fastsett ved kongeleg resolusjon den 23. juni 2020 med føremål om å bidra til at villrein, og dei ulike villreinområda, vert forvalta på ein slik måte at internasjonale forpliktingar vert overhaldne, og at nasjonale målsetjingar om å ivareta levedyktige bestandar innanfor sine naturlege utbreiingsområde vert nådde. Etter ei heilskapleg vurdering vart Setesdal Ryfylkeheiane villreinområde klassifisert til dårleg kvalitet. Årsaka til dette er samansett, men sentralt er at vegar og vasskraftutbygging i kombinasjon med ferdsel i utsette område har stor negativ effekt på villreinens vandringsmoglegheter. Det er eit nasjonalt mål gjennom stortingsmeldinga at villreinbestandane på sikt skal få god kvalitet, mellom anna ved at leveområda til villreinen skal oppretthaldast og at det ikkje skal opnast for tiltak som kan verke uheldig inn på villreinen i slike område

Det er gjennomført ei konsekvensvurdering (KU) for fagtema villrein i søknaden til NVE. Her er verknaden av OU-prosjektet som heilskap utgreidd, herunder verknaden vurdert opp mot verneføremålet i dei enkelte verneområda som blir påverka. Vi viser til søknaden til NVE. Det går fram her at prosjektet samla, med etablering av fem nye kraftverk, vil ha nokre positive og nokre negative effektar for villrein. Samla sett for alle vurderingseiningane blir konsekvensen vurdert å gi noko negativ konsekvens for villrein (-). Det er framheva i KU at ein ved å slutte med vintertapping i Holmevassåna vil forbetre vandringshinderet her, og gi noko positivt konsekvens. Det går vidare fram at pumpekraftverka *«vil innebære hyppigere svingninger i vannstanden sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes mer oppsprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen vinterstid»* (KU).

Tiltaka og aktiviteten som inngår i dispensasjonssøknaden er lokalisert innanfor avgrensinga for Heiplanen. Heiplanen uttrykkjer retning og rammer for arealutvikling og arealbruk i fjellområda i Vestland, Rogaland, Agder og Telemark. Målet med Heiplanen er å ivareta leveområda for villreinen samstundes som lokalsamfunna sine behov for ein langsiktig positiv utvikling blir tatt vare på. Heiplanen har avgrensa ulike omsynssoner med tilhøyrande retningslinjer. Tiltaka i søknaden ligg innanfor omsynssona *nasjonalt villreinområde* og omsynssone *byggdeutvikling*. Influensområdet for tiltaka råkar også ved omsynssonar for trekkområde.

Dei felles retningslinjene for alle omsynssonene slår fast (legg opp til) at Heiplanen med tilhøyrande retningslinjer skal leggjast til grunn ved kommunen, fylka og staten si behandling av plan- og byggesaker og andre saker i areal- og ressursforvaltninga.



Figur 1. Kart som viser omsynssonene frå Heiplanen (merket med grønt, lysegrøn, lys grått og lilla), avgrensing for verneområda verna etter naturmangfoldlova (horisontale linjer), og lokalisering av dei 5 omsøkte kraftverka (innringa i raudt).

Dei generelle retningslinjene for nasjonalt villreinområde slår fast (legg opp til) at villreinens interesser skal bli tillagt stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling. Interessekonflikhtar i forhold til villrein skal avklarast gjennom konsekvensutgreiingar i samsvar med plan- og bygningslova. Ein skal leggje spesiell vekt på å unngå verksemd, aktivitet og forstyrring i viktige funksjonsområde som vinterbeite-, kalvings- og trekkområde, samt fokusområde i dei aktuelle årstider/periodar.

Omsynssone *trekkområde* viser viktige trekkområde som skal ivaretakast, og retningslinjene slår fast (legger opp til) at det ikkje skal godkjennast byggetiltak som kan stenge for eller forverre dagens situasjon. Vidare, at det såframt mogleg, ikkje skal tillast aktivitet som fører til unødvendige forstyrringar når villreinen trekkjer. Desse retningslinjene forsterkar retningslinjene for nasjonalt villreinområde.

I *bygdeutviklingssona* blir villreinens interesser rekna som avklarte dersom Heiplanens intensjonar og mål elles blir gjennomførte. Gjeldande planstatus er styrande for vidare utvikling

inntil nye planar ligg føre. Dette er sona der nye større tiltak primært skal kanalisert til, og her kan ein prioritere tiltak som fremjar ei berekraftig bygdeutvikling, framfor villreininteressene.

Agder fylkeskommune si vurdering

Søknaden som Lyse Kraft har lagt fram for NVE omfattar areal i Ullensvang, Vinje, Bykle og Suldal kommunar. Dei tiltaka som ligg innanfor grensa for verneområda er lokalisert i Rogaland og Vestland, men Agder og Telemark blir indirekte råka av utbygginga ved at tiltaka er forventa å påverke isforholda på Holmavatnet og Votna, og derigjennom villreinen sin trekkaktivitet og bruk av større område også i Agder og Telemark. Verneområda det blir søkt om dispensasjon frå for oppføring av Kvanndal 2 pumpekraftverk utgjør likevel kjerneområda for villrein innanfor Setesdal Ryfylke villreinområde.

Den samla belastninga i Setesdal-Ryfylke villreinområde har lenge vore aukande som følgje av fysiske inngrep og aukande grad av forstyrringar. Sett i lys av dette vil (som hovudregel) eitkvart nytt inngrep innanfor leveområdet for villrein vere negativt for å oppnå forvaltningsmåla for villreinbestanden slik dei er satt gjennom arbeidet med kvalitetsnorm for villrein og stortingsmelding 18. Heiplanen framhevar betydninga av fjellområda som leveområde for villrein, og pålegg nye kraftprosjekt å vektlegge dette temaet i sine utgreiingar.

Konsekvensane av tiltaka i verneområda må sjåast i samanheng med konsekvensar for utbygginga samla sett. Agder fylkeskommune er særleg bekymra for villreinens bruk og trekk over Holmavatnet og Votna, og tilhøyrande influensområde, dersom det skulle bli ei utbygging etter søknad. Effektkøyring med variasjon i vasstand gjennom døgnet er forventa å gi usikker is, noko som kan føre til at ein får eit vandringshinder for villreinen. Dei kvista skiløypene over vatn må truleg leggjast på land, kanskje med den konsekvensen at villrein og skiløparar må dele dei same ferdselskorridorane. Dette vil forsterke dei negative sidene for villreinen.

Konsekvensutredning (KU) villrein

I perioden mai – august har det kome fleire innspel frå ulike myndigheiter og forvaltningsorgan med ansvar for villrein, med krav om meir informasjon og nye vurderingar:

13.05.2024 frå Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR)

24.06.2024 frå Suldal kommune

03.07.2024 frå Røldal Fjellstyre

09.07.2024 frå Ullensvang kommune

20.08.2028 frå Villreinnemnda for Hardangerviddaområde

Det blir peika på manglande kunnskap og vurdering av fleire forhold, mellom anna:

- Korleis trekkaktiviteten mellom villreinen på Hardangervidda og villreinen i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei blir påverka.
- Korleis villreinens faktiske og noverande bruk av isen på Holmavatnet er, og i kva grad Holmavassåno og Tverrå er reelle vandringshinder.
- Alternativ-vurdering av utbygging utanfor verneområdet.
- Ønske om simulering av kva det vil bety med endra isforhold på Holmavatnet/Votna, mellom anna dersom delar av E134 blir lagt i tunnel.

Sidan søknaden omhandlar tiltak i trekkområde og er den første av fleire tilsvarande søknader som vil kome i andre vasskraftkonsesjonar, er det grunn til å vere særleg varsam og påpasselig med å oppfylle utredningsplikta knytt til konsekvensane for villrein.

Vurdering av retningslinjene i Heiplanen

I samsvar med Heiplanen skal det ikkje godkjennast byggetiltak som kan stenge for eller forverre dagens situasjon for villrein. Vidare skal det ikkje, såframt mogleg, tillatast aktivitet som fører til unødvendige forstyrringar når reinen trekkjer. Innspela frå fag- og forvaltningsorgan kan tyde på

at deler av tiltaka kan være i direkte strid med retningslinjene i Heiplanen om når ein kan tillate unntak frå hovudregelen om å ikkje tillate nye kraftanlegg innanfor nasjonalt villreinområde.

Heiplanen legg generelt sett opp til at det ikkje skal godkjennast nye store kraftprosjekt innanfor nasjonalt villreinområde. Heiplanen anerkjenner at kraftanlegg og magasin representerer ein aktivitet og verksemd som ivaretek store samfunnsmessige interesser, og at det stadig er under utvikling ny teknologi, og behov for effektivisering og utviding av eksisterande anlegg. Dei spesielle retningslinjene knytt til kraft i Heiplanen slår fast (legg opp til) at nye og utvidingar av eksisterande kraftanlegg eller kraftlinjer bør unngåast, men at det kan gjerast unntak for tiltak som ikkje inneber vesentleg negativ betyding for villreinen. Heiplanen framhevar dermed at hovudregelen er at nye kraftanlegg skal unngåast. Det kan gjerast unntak, noko ein dispensasjon frå verneføreskriftene vil innebere. Ein dispensasjon frå det ein normalt ser på som det strengaste lovverket, kan fort innebere at unntaket blir hovudregelen sidan det då vil vere krevjande å avslå søknader utanfor verneområdegrensa. Presedensverknadene vil såleis kunne bli store innanfor heile avgrensinga for *nasjonalt villreinområde*, både i og utanfor sjølve verneområdegrensene. Omsynssone *nasjonalt villreinområde* utgjør eit betydeleg større areal enn det som er verna etter naturmangfaldlova, særleg i Telemark og Vestland. Vi er kjende med at det er planlagt tilsvarande pumpekraftverk på fleire av magasinane i Heiplanområdet (nasjonalt villreinområde).

I bygdeutviklingssona blir villreinens interesser rekna som avklarte dersom Heiplanens intensjonar og mål elles blir gjennomførte, og her kan ein prioritere tiltak som fremjar ei berekraftig bygdeutvikling framfor villreininteressene. Agder fylkeskommune kan ikkje sjå at pumpekraftverk vil vere viktig for ein positiv utvikling for lokalsamfunna. Kanskje snarare tvert imot; ivaretaking av villrein er viktig for kommunane som destinasjonar og for ivaretaking av jakt- og sanketradisjonar. Dersom etablering av pumpekraftverk forringar villreinens leveområde, vil tiltaka kunne motvirke ein langsiktig positiv utvikling for lokalsamfunna i Heiplanområdet.

Dersom det blir etablert fleire pumpekraftverk innanfor nasjonalt villreinområde, som kvar for seg gir noko negativ effekt, vil dette til slutt kunne få ein vesentleg negativ påverknad på heile villreinbestanden i området. Betydninga som ei trekkorridor har for villrein aukar dersom andre trekkorridorar forringast, og slik vil dei første som søker ha ei fordel. Det blir dermed ikkje riktig å sjå på eit tiltak, av fleire aktuelle, aleine. Retningslinja som skisserer unntak frå hovudregelen må dermed tolkast slik at også presedensverknader av ein dispensasjon må vurderast. Fylkeskommunedirektøren meiner at før ein vurderer å gi dispensasjon til eit pumpekraftverk, må den samla konsekvensen for alle dei planlagde pumpekraftverka i villreinområdet vurderast med omsyn til konsekvensen for villreinbestanden i Setesdal Ryfylke villreinområde samla.

Konklusjon:

Administrasjonen i Agder fylkeskommune rår frå at det blir gitt dispensasjon med den grunngjevinga at retningslinjene i nasjonalt villreinområde slår fast at nye kraftanlegg i utgangspunktet skal unngåast. Kunnskapsgrunnlaget synest for svakt til å kunne konkludere med at den samla konsekvensen for villrein i Setesdal Ryfylke villreinområde er av så avgrensa omfang at ein kan gjere unntak frå hovudregelen. Mellom anna vil presedensverknadane av å gi dispensasjon få verknad ikkje berre for verneområda, men også for dei delane av det nasjonale villreinområdet i Setesdal Ryfylke som ikkje er verna etter naturmangfaldlova. Det er venta fleire tilsvarande søknader om kraftverk i villreinområdet.

Dersom verneområdestyret opnar for å gi dispensasjon frå verneføreskriftene for utviding og oppgradering av kraftverka, må dette vere på eit klart vilkår om at utbygginga ikkje skal vere til

negativ påverknad for villreinen.

Administrasjonen i Agder fylkeskommune vil legge fram sak for hovudutvalet for næring, klima og miljø, med ei vurdering om å klage på vedtak som er i strid med retningslinjene i Heiplanen.

Med helsing

Anita Henriksen
Fylkesdirektør
Regionplan 2023

Katrine Skajaa Gunnarsli
Rådgivar
Bærekraftig utvikling

Brevet er godkjend elektronisk.

Kopi til: Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane /v Alf Odden